



Norconsult AS
Waldemar Solheim

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/725 - 22/6894

Saksbehandlar:
Kjartan Nyhammer
kjartan.nyhammer@masfjorden.kommune.no

Dato:
25.09.2022

Melding om delegert vedtak - Søknad om midlertidige brakker på GBNR 52/1

Administrativt vedtak. Saknr: 085/2022

Tiltakshavar : Eviny Fornybar AS v/ Ove Eidsnes, Postboks 7050, 5020 BERGEN
Ansvarleg søkjar : Norconsult AS v / Waldemar Solheim,
Søknadstype : Søknad om tiltak utan ansvarsrett, pbl § 20-4

VEDTAK :

Masfjorden kommune ved rådmannen syner til plan- og bygningslova §§ 20-1, 20-4 og gjev løyve til mellombels brakkerigg på GBNR 52/1. Søknad med vedlegg, motteke 15.08.2022 vert godkjent på følgjande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan motteke 15.08.2022
- Mellombels brakkerigg kan ikkje førast opp før det er gjeve samtykke til tiltaket frå Arbeidstilsynet.
- Mellombels brakkerigg kan ikkje etablerast før det er gjeve utsleppsløyve.
- Tiltaket kan ikkje takast i bruk før det er gjeve ferdigattest.
- Frist for fjerning av tiltak vert sett til 1.november 2024

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen

er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre. Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal tiltakshavar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest. Når det står att mindre vesentlege arbeid, kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal tiltakshavar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling. Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre: • Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.3.1	Basisgebyr	1	Kr 5.300,-
	Totalt gebyr å betale		Kr 5.300,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Roald Kvingedal
teknisk sjef

Kjartan Nyhammer
landbruksrådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn

Det er i søknad mottatt 15.08.2022 søkt om løyve til oppføring av mellombels brakkerigg på GBNR 52/1.

2. Uttale

Søknaden er ikkje nabovarsla. Det er søkt om fritak frå kravet om nabovarsling då tiltakshavar meiner at naboar sine interesser ikkje vert råka og synar vidare til at det er inngått avtale med grunneigar om tiltaket.

3. Fakta

Det vert søkt om løyve for mellombels oppføring av brakkerigg på planert område på GBNR 52/1. Det planerte området ligg på nedsida av Svartvassvegen, ved Øvre Vemundvatnet.

Brakkerigg er 13,35 meter brei og 63,2 meter lang og inneheld 18 soverom, kantine, sanitæranlegg, kontor m.m.

Det vert opplyst i søknaden at det vert nytta privat vasskjelde og privat avløpsanlegg. Det er vidare opplyst i søknad at det er søkt om utsleppsløyve. Søknad om utsleppsløyve vert handsama i sak 22/721.

Mellombels tiltak er tiltak som vert fjerna seinast innan 2 år og kor det ikkje vert gjort varige terrengingrep.

I Masfjorden kommune sin kommuneplan for 2018 – 2030 er området avsett til LNF formål (landbruk, friluftsliv). Vidare vil området ligga mindre enn 50 meter frå vassdrag. Dette mellombels tiltaket krev likevel ikkje dispensasjon når tiltaket vert oppført for kortare periode enn 2 år.

Kommunen mottok 09.09.2022 kvittering for innsendingen «Skjema for egenerklæring» som ble sendt den 06.09.22 10:17 til ARBEIDSTILSYNET. Kvittering vart sendt kommunen av tiltakshavar Eviny. Kommunen har ikkje lov å gje igangsettingsløyve før det ligg før samtykke frå Arbeidstilsynet for tiltaket. Det vert difor lagt inn som vilkår i vedtaket.

4. Vurdering

Tiltaket

Kommunen gjev fritak frå kravet om nabovarsling. Kommunen kan ikkje sjå at andre sine interesser skulle verta råka av tiltaket. At tiltaket er mellombels er i seg sjølv formildande i høve til behovet for nabovarsling.

Utsleppsløyve

Søknad i sak 22/721 er ikkje handsama endå. Utsleppsløyve må vera gjeve før bygginga kan starta.

Arbeidstilsynet

Kommunen har ikkje lov å gje igangsettingsløyve før det ligg før samtykke frå Arbeidstilsynet for tiltaket. Det vert difor lagt inn som vilkår i vedtaket.

5. Konklusjon

Det vert gjeve løyve til oppføring av mellombels brakkerigg på GBNR 52/1 jfr vedtak.

Mottakarar:
Norconsult AS